



Holmeseth Arve-Rune
Bønnesskogen 207
5154 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3448 - 17/6971

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
01.03.2017

Ferdigattest tilbygg hytte - gbnr 68/15 Bruknapp

Administrativt vedtak. Saknr: 093/17

Tiltakshavar:

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 15.11.2011 (rammeløyve).

For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll. Det vert elles vist til søknad motteken 23.02.2017.

Skildring

Adresse:	Festevegen 390
Bygningstiltak:	Tilbygg fritidsbustad, naust, terrasse og bod
Bygningsnummer:	176219173-1 (hytte), 300265188 (naust)
Bruksareal:	33m ² (hytte) og 18m ² (naust).

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg fritidsbustad, naust, terrasse og bod på gbnr 68/15.

Bygningene må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan



fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3448

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Holmeseth Arve-Rune

Bønnesskogen 207 5154

BØNES